

## Vedlegg 5: Fordeling av tilskot til innsats for sosial utjamning av helseskilnadar i kommunen.

Formålet med tilskotsordninga er å støtte kommunane sitt arbeid med utjamning av sosial ulikskap. Kommunar i Vestland fylkeskommune kan søkje. Søknadsfrist 30. april i 2021.

Tittel	Søkar	Søkt om	Innvilga	Skildring frå søknad
Sammen for levende og inkluderende lokalmiljø og bygder	Askøy kommune	510 000	300 000	Askøy søker om midlar til å styrke pågåande arbeid med styrkebasert ressursmobilisering, eit tiltak får å utvikle auka kvalitet i kommunen sine nærmiljø og sosiale møteplassar. Kommunen legg opp til god involvering, og vil jobbe tett saman med frivilligheita i dei ulike nærmiljøa.
Utjamning av sosiale helseskilnadar i Austevoll	Austevoll kommune	100 000	100 000	Austevoll vil etablere konkret handlingsplan for utjamning av helseskilnadar i kommunen, og utarbeide betre metodar for innhenting av kunnskapsgrunnlag som handlingsprogrammet vil vere tufta på. Søknad frå Austevoll kommune med prosjektplan fyller alle vilkåra etter tilskotsordninga. Utvikling av handlingsplan for utjamning av sosiale helseskilnadar bygger på lokalt kunnskapsgrunnlag, er ny utvikling og vil kome andre kommunar til gode.
Danseverkstadar i Bergen	Bergen kommune	800 000	0	Bergen søker om støtte til etablering av danseverkstadar gjennom Dans utan grenser (DUG) i alle åtte bydelar. For nokon bydelar gjeld det reetablering av tilbod som vert starta opp i 2019. Søknad viser til geografiske skilnadar og korleis tiltak vil kunne ha ein sosialt utjamnande effekt. Det søkjast om støtte til utdanning og opplæring av nye instruktører, og etablering av danseverkstadar. Tiltak det søkjast om støtte til er målretta mot ungdom med behov for eller ønske om nytt fritidstilbod. I utlysing av tilskotsordning vil fylkeskommunen primært støtte tiltak som er befolkningsretta. Søknad viser også i liten grad til involvering av målgruppa i utvikling av tiltak, og vise ikkje til at dette er eit mangelfullt tilbod som ungdom ønsker seg i kommunen. Med utgangspunkt i disse vurderingane vil vi ikkje kunne prioritere støtte til danseverkstadar i Bergen.
Behov for universell utforming	Bergen kommune	100 000	100 000	Bergen søker om å få identifisere viktige barrierar på grunn av manglande tilrettelegging i kommunen sitt gang- og turnett. Støtte vil bidra til at kommunen får ein gjennomgang og samla oversikt over eksisterande kunnskap, utføring av medverknad frå relevante aktørar, og ein endeleg rapport med tilrådingar for konkret kartlegging og fysiske tiltak. Tiltak vil kunne bidra til auka kunnskap og kompetanse i arbeid med å legge til rette for eit meir inkluderande og utjamnande tilbod i kommunen sine turvegar, friluftsområde, gater og kollektivhaldeplassar.

Folkehelse i plan med mål om å utjamne sosial helseskilnad	Fitjar kommune	100 000	100 000	Fitjar kommune søkjar om midlar til å ferdig utvikle ny folkehelseplan med vekt på å styrkje kompetanse og innsats knytt til utjamning av sosiale helseskilnader. Eit vilkår for midlar etter tilskotsordninga er at satsinga skal vere forankra i kommunen sitt planverk og satsingar for folkehelse. Utvikling av ny folkehelseplan er ei lovpålagt oppgåve, men vurderinga frå Vestland fylkeskommune er likevel at søknaden frå kommunen viser at tiltaket ny folkehelseplan er hensiktsmessig å få gjennomført slik det er skissert frå kommunen og vil styrke innsatsen på dette feltet og løfte folkehelsearbeidet i kommunen. Kommunen viser til godt opplegg for breie medverknadsprosessar både internt i kommunen, frå ulike kommunale råd og frå innbyggjarane direkte. Kommunen viser også at arbeidet skal i breidda bidra til at sosiale helseskilnader blir løfta fram i det kommunale arbeidet og inn mot tiltaksutvikling. Kommunen har også planlagt eit godt opplegg for evaluering.
Folkehelse og sosial utjamning i Lærdal	Lærdal kommune	350 000	350 000	Lærdal søker om støtte til å integrere omsyn til folkehelse og sosial utjamning av helseskilnader i kommunen sine einingar og samfunnsområde. Prosjekt vil bidra til auka kunnskap og oversikt og legge grunnlag til å gjera forbetringar, endringar som trengst og justeringar med utgangspunkt i utfordringane og ressursane som finst i kommunen.
Osterøyprosjektet – Alle vil bu på Osterøy	Osterøy kommune	400 000	400 000	Osterøy søker om støtte til utvikling av ulike metodikkar som vil støtte og ressursmobilisere barn og unge til å bidra med å dreie kursen for en kommune i berekraftig retning. Mål med prosjektet er å utjamne forskjellar kommunen til dømes innan trivsel på skule og nærmiljø.
Folkehelseoversikt for Sogndal kommune	Sogndal kommune	175 000	175 000	Sogndal søker om støtte til å utarbeide ei folkehelseoversikt, der ein også vil greie ut om geografiske og/eller sosiale skilnader i helse. Prosjektet vil vere i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, og vil vere ein oppstart på eit mogeleg langvarig samarbeid med HVL om folkehelseoversikt og årsakssamanhengar.
Varmt fellesmåltid for elevar på grunnskulen	Solund kommune	57 000	57 000	Solund søker om støtte til utvikling av tiltak der alle elevar på grunnskulen vil få opplæring i variert og sunt kosthald på skulen. Tiltak er sosialt utjamnande og i tråd med kommunen sitt kunnskapsgrunnlag.
Folk i sentrum – folkehelsedagar 2021	Stord kommune	128 000	128 000	Stord kommune søkjer midlar til å vidare utvikle eit innarbeidd folkehelsetiltak. Kommunen fyller vilkåra i utlysinga – der medverknad og inkludering og mobilisering og sosial ulikskap og forankra i plan. Tiltak er ikkje berre eit enkelt arrangement, men tiltak breitt ut over heile kommunen for å fremme deltaking, også ut til mellom anna institusjonar.

Samordning av felles innsats mot utanforskap	Sunnfjord kommune	750 000	350 000	Sunnfjord ønsker med søknad å skape felles verktøy for korleis kommunen kan jobbe saman mot felles mål for sosial utjamning i kommunen. Med dette vil kommunen kunne arbeide systematisk med sosial utjamning og styrke kunnskap i arbeid mot sosiale helseskilnader.
Kunnskap, kompetanse og samspel for god psykisk helse i ungdomsskulen	Sveio kommune	100 000	100 000	Sveio vil gjennomføre kartlegging, kunnskapsinnhenting og analyse av psykisk helse blant ungdomsskuleelevar med fokus på å sjå samanhengar mellom psykisk helse og sosio-økonomisk bakgrunn. Søknad frå Sveio kommune med prosjektplan fyller alle vilkåra etter tilskotsordninga. Tiltaket er knytt til å få vite meir om samanhengar mellom psykisk helse og sosial ulikskap vil også kome andre kommunar til gode.
Gratis kulturskule for alle	Tysnes kommune	410 000	290 000	Tysnes kommune vil utvikle eit kulturskuletilbod til alle barn og unge i kommunen. Tiltak vil være eit samarbeid mellom skule, kulturskule og kommunepsykolog, og vil gje eit variert og gratis tilbod som vil bidra til å utjamne sosiale skilnader. Kommunen har i søknad søkt om innkjøp av utstyr. Dette må kommunen finne finansiering på sjølv.
Sprek og frisk i Ulvik sentrum	Ulvik herad	225 000	225 000	Ulvik herad ynskjer med søknaden å planleggja og prøve ut ulike midlertidige lågterskeltilbod i befolkninga til Ulvik. Lågterskeltilbodet vil være ein del av prosjektet "sentrumsutvikling og folkehelsearbeid i Ulvik Herad". Heradet ønsker å planlegge og prøve ut ulike midlertidige lågterskeltilbod for befolkninga i sentrum av Ulvik. Tilbod skal vere variert og tilpassa ulike deler av befolkninga.

Totalt 14 søknadar frå 13 kommunar på ordninga «*Tilskot til innsats for sosial utjamning av helseskilnader i kommunen*». Oppsummert er kr 2 675 000,- fordelt på 13 kommunar.